



## ÅRSMELDING 2006 (for tidsrommet 19/6-2005 – 17/6-2006)

Styret i Olav Sletto-selskapet har dette året vore samansett slik:  
Arne Skogheim (leiar), Turid Birgit Lien (nestleiar), styremedlemmer Kåre Olav Soljhell, Per Lilleslett og Kaare Wensaas. På val dette årsmøtet står Arne Skogheim, Kåre Olav Soljhell og Per Lilleslett.

Varamedlemmer har vore Evalill Sletto, Eli Sælid og Maria Søndrål Wick. På val dette årsmøtet står dei to sistnemnde.

Rekneskapen har som tidlegare år vore ført av Ola Ruud. Revisorar har vore Osvald Medhus og Jan Robert Wick.

Valnemnd har vore Knut Medhus (leiar) og Knut Øyvind Skaro.  
Laget har pr. 20/5-2006 99 registrerte medlemmer, inkludert 1 æresmedlem. 10 av dei registrerte har ikkje betalt årspengane pr. 20/5, slik at det no er 88 betalande medlemmer i selskapet. (Pr. 1/6-2005 var medlemstalet 79)

Det er halde 2 styremøter i selskapet omframt årsmøtet. Dei 20 frammøtte medlemmene på årsmøtet 18/6-05 fekk høyra ein glitrande opplagt skodespelar Noralv Teigen som fortalte stubbar frå sitt allsidige skodespelarliv og ga oss ei innføring i emnet Olav Sletto som dramatikar.

Selskapet har fått eigne nettsider dette året, med adresse  
[www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)

Sidene er utarbeidde i samarbeid med Multi Vision Media v/ Morten Tangerås og inneheld alle relevante opplysningar om selskapet (styre, vedtekter m.m.) og ein større artikkel om Olav Sletto av Kåre Olav Soljhell.

Styret har teke opp spørsmålet om samarbeid med andre litteraturselskap med tanke på å skipa til eit landsomfattande seminar for liknande litteraturselskap.

Ottar Grepstad ved Ivar Aasen-tunet opplyser at Nynorsk kultursentrum hadde ei slik tilskiping i 2002, men den planlagde oppfølginga på Prøysenhuset vart det

ikkje noko av. Olav H. Hauge sitt venelag skal markera Hauge i 2008, og styret har teke kontakt med Hauge-laget for om mogeleg å få til eit samarbeid.

Førebels har ein ikkje fått svar når det gjeld dette. Det blir arbeidd vidare med sak.

Selskapet har fått eit tilskot på kr.2000,- frå Hol Sparebank. Sparebanken har også betalt annonsen for årsmøtet. Ustekveikja Energi har annonser i Årsheftet 2006 som vil bli delt ut på årsmøtet.

Hol den 20.mai 2006.

Arne Skogheim    Turid Birgit Lien    Kåre Olav Solhjell

Per Lilleslett      Kaare Wensaas